

Leiarplattform for Vinje kommune

«Vinje utfordrar framtida»

Som leiar...	Relasjonskompetanse	Innbyggjar- og brukarfokus	Heilskapleg organisasjonskunnskap	Fagleg kompetanse	Tillit	Endringsmot
	...prioriterer eg å vere synleg og tett på dei eg er leiar for	...bidreg eg til å byggje kultur for å kommunisere med eit klart språk på stabile, digitale og universelt utforma plattformer	..har eg godt samspel med dei folkevalde og styrer etter verdier, mål og rammer i tråd med politiske vedtak og føringar	...søker eg relevant kompetanseheving innan fag og leiing	...bidreg eg til å skape ein organisasjonskultur basert på tillit mellom profesjonar, tenesteområde og nivå	...ser eg moglegheiter og legg til rette for utvikling og innovasjon
	...utviklar eg evne til dialog ved å lytte, stille opne spørsmål og våge å ta opp det som er vanskeleg	...involverer eg innbyggjarane og andre aktørar i planarbeid og utviklingsprosessar	...framskaffar eg god styringsinformasjon og brukar innsatstrappa aktivt for å involvere politikarar og innbyggjarar	...anerkjenner eg mine medarbeidarar sine kunnskapar, legg til rette for kompetanseheving og brukar kompetansen til rett tid på rett stad	...syner eg gjennomføringskraft for å oppnå gode resultat innanfor økonomiske rammer og mynde	...skapar eg oppslutning om endringar og får alle med meg i endringsprosessar
	...handterer eg konflikt på lågast mogleg nivå og tek initiativ til å reparere relasjonar	...involverer eg brukarar, føresette og pårørande i utvikling av tenestene	... ser eg heilskap og samanheng i organisasjonen og sikrar god utnytting av kompetanse og ressursar	... er eg nysgjerrig og lydhøyr for andre fagområde og etterspør deira kompetanse	...kommuniserer eg tydelege forventingar, er open for innspel og skapar handlingsrom	...etterspør eg ny teknologi for å løyse oppgåver på nye og betre måtar

Leiarplattform for Vinje kommune «Vinje utfordrar framtida»

	...byggjer eg felleskultur gjennom møtearenaer for kunnskapsdeling og sosiale treffpunkt		...bidreg eg til kjennskap på tvers av sektorar ved å synleggjere mitt teneste-område og feire mine medarbeidarar sine suksessar	...legg eg til rette for læring og utvikling ved å gje tilbakemelding og anerkjenning	...jobbar eg for å skape ein verdibasert kultur med felles mål og retningslinjer, der det å sei ifrå om sviktande kvalitet er trygt og sjølv sagt	...brukar eg kompetanse på nye måtar i nye samarbeids-relasjonar
	...er eg raus og syner respekt for mangfald og ulike perspektiv				...gir eg rom for å feile og er sjølv ein god rollemodell ved å beklage egne feilsteg	...ser eg motstand mot endring som ei kjelde til kunnskap og vurdering av risiko